

Ung i Distrikt-Noreg: Korleis få til noko lokalt?



Rapport frå
ungdomskonferanse
på Rica Hotell,
Værnes,
6.-8. oktober 2000

Barne- og familiedepartementet
Kommunal- og regionaldepartementet

Innhald

Ein spesiell ungdomskonferanse ved statssekretær Solveig Solbakken, BFD	3
Program laurdag 7. oktober, medverkande	4
Presentasjon av dei gode eksempla	5
Og så var det alvor	9
Presentasjon av gruppearbeidet den første dagen	11
Kvifor bur ungdom i bygda di? - svar vaksengruppe	
Kvifor flytter ungdom frå bygda? - svar ungdomsgruppe	
Paneldebatt med frustrasjon og utfordringar	12
Program søndag 8. oktober	15
Kvar skal vi? Kva gjer vi vidare? Løysingar på utfordringane	15
Samandrag av svar frå ungdomsgruppe	16
Skule og utdanning	
Medverknad og innflytelse	
Fritidstilbod	
Tenestetilbod	
Næring-kommune	
Næring - stat	
Politikarar	
Samandrag av svar frå vaksengruppe	20
Det endelege resultat	21
Krav til stat og departement	
Krav til fylkeskommune	
Krav til kommune	
Råd til politikarane	
Krav til ungdommen	
Generelle krav	
Sluttord ved Marianne Aasen Agdestein, KRD	23
Mathilde sine inntrykk	24



Statssekretær Solveig Solbakken i Barne- og familiedepartementet.

6-8. oktober samla ungdom og vaksne seg til konferanse på Rica Hotell i Stjørdal for å prøve å finne svar på korleis dei skal kunne få til noko lokalt i distrikta. Barne- og familiedepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet stod bak konferansen, som samla ungdom og vaksne for å diskutere ungdomspolitikkk i distrikta. Det vart to spennande dagar. Det vil du sikkert forstå etter kvart som du les denne rapporten.

Ein spesiell ungdomskonferanse

"Det er første gang Barne- og familiedepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet går saman om å arrangere ein konferanse på denne måten. Det er også første gang vi inviterer ungdom som heidersgjester på ein slik konferanse. Vi har gitt vaksne politikarar mulegheit til å vere med på konferansen. Men dette er først og fremst ungdommen sin arena, og for ein gongs skuld skal dei vaksne sette seg ned og lytte til, og lære av ungdommen," sa statssekretær Solveig Solbakken då ho opna konferansen.

Ein "farleg" konferanse?

Mellom 80 og 90 ungdommar, rundt 50 vaksne, og ei handfull representantar frå dei to departementa sat i salen. Framme ved podiet, fire ungdommar i førarsetet; Anne Hege Lervåg og Ulf Rakvaag frå Vega, Linn Iren Skare frå Utsira og Randi Ness frå Lierne. Totalt rundt 50 distriktskommunar var representert.

Vil dette gå bra? Blir det full kollisjon når ein majoritet med sjølvbevisst ungdom tørnar saman med den ansvarlege politiske og vaksne delen av fedrelandet?

"Distrikts-Noreg er avhengig av ungdommen sin, men det er ikkje sikkert at ungdommen er avhengig

av Distrikts-Noreg," sa statssekretæren. Ho slo dermed an tonen, kort, direkte og provoserande, før ho heldt fram:

"Kva skal til for at ungdom skal ønskje å busette seg i ein distriktskommune? Kva skal til for at det skal vere mogleg for dei som vil? Det er difor vi først og fremst har invitert ungdom til denne konferansen. Vi vil late dykk jobbe på dykkar eigne premissar og gje oss svar på dykkar måte. Vi må vite korleis ungdommen si verd ser ut for å kunne skape ein god ungdomspolitikkk.

Både Kommunal- og regionaldepartementet og Barne- og familiedepartementet held no på med store arbeid knytt til framtidens politikk. Difor vil vi at denne konferansen skal gje oss innspel til den politikken som enno ikkje er ferdig utforma." Kommunal- og regionaldepartementet arbeider med ei stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken. Barne- og familiedepartementet arbeider med ei stortingsmelding om oppvekst- og levekår for barn og ungdom i Noreg. Begge meldingane skal leggjast fram i 2001.

Litt av ei utfordring. Det skal altså ikkje handle om berre fagre og store ord, blanda med god mat på eit hotell, to hundre meter i luftlin-

je frå flyplassen på Værnes. Det handlar om framtidens politikk i distrikta med ungdom som viktig medspelar.

Korleis er dette mogleg?

Begge dei involverte departementa hadde invitert ungdom til å vere med å utforme programmet. Det var viktig at ungdom skulle komme til orde. Difor var konferansen forma slik at ungdom skulle ha god sjanse til å hevde seg. Samtidig ville kanskje dei vaksne finne forma litt vanskeleg?

Det har skjedd mykje dei siste 2-3 åra for å få ungdom med i arbeidet med å snu den negative utviklinga i distrikta. Kommunal- og regionaldepartementet har arbeidd med ei utkantkommunesatsing der ungdom har vore engasjert. Rundt 60 kommunar er involvert i denne satsinga som varer ut 2001.

I samband med utkantsatsinga er det valt ut sju pilotkommunar og ein region som skal prøve ut nye tiltak som kan gje ny kunnskap om framtidig politikktutforming.

Ungdom har vore sterkt involvert i dette arbeidet. Departementet har også gjennomført eit forsøk med å lære opp såkalla positivitetsagentar i rundt 50 utkantkommunar. Positivitetsagentane er ungdommar som jobbar med prosjekt dei sjølv



Dei som heldt styr på folket. Frå venstre: Ann Hege Lervåg, Ulf Rakvaag, Linn Iren Skare og Randi Ness.

4

har vore med på å definere. Samtidig fungerer dei som ambasadørar for heimstaden sin, og som talerøyr mellom ungdom og kommune. Dei fire ungdommane som leia konferansen er positivitetsagentar i sine heimkommunar.

Barne- og familiedepartementet har i to år hatt ei ungdomssatsing i distrikta. Den gir distriktskommunar høve til å søke om tilskot til kultur- og fritidsaktivitetar for og med ungdom.

Difor er det ikkje tilfeldig at tida no er moden for ein slik konferanse.

Ungdommen som deltar er heller ikkje utan erfaring. Dei representerer likevel store svingingar både i alder, erfaring og interesse.

"Det å bli tatt på alvor gir ungdommen eit signal om at dei er viktige, og ungdommen er uunnværlig for Distrikts- Noreg. Eg håper at konferansen fører til tettare samarbeid og samtale mellom distriktsungdom og vaksne avgjerdstakarar.

Men no er det på tide å sleppe ungdommen til. Eg ønskjer dykk lykke til med konferansen - podiet er dykkar," sa statssekretæren. Og dermed var det heile i gang

Dei som styrde konferansen

Ann Hege Lervåg,
Vega kommune
Ulf Rakvaag, Vega kommune
Linn Iren Skare,
Utsira kommune.
Randi Ness, Lierne Kommune

Program

Laurdag 7. oktober: Tema: Kvar står vi i dag?

- Kl. 09.00: Velkommen
v/ Solveig Solbakken, statssekretær i Barne- og familiedepartementet.
- Kl. 09.30: Informasjon
Positivitetsagentane som leiar konferansen presenterer seg sjølv og opplegget for helga.
- Kl. 10.00: Presentasjonar: "De gode eksemplene"
6 ungdommar presenterer døme på prosjekt som er sett i gang og som dei opplever som positive.
- Kl. 11.30: Lunsj
- Kl. 12.30: Gruppeoppgåve - vaksengruppe
Gruppeoppgåve - ungdomsgruppe
- Kl. 15.00: Pause med forfriskningar
- Kl. 15.15: Presentasjon av gruppearbeid, etterfølgt av paneldebatt
- Kl. 18.00: Slutt
- Kl. 19.30: Middag

Medverkande frå departementa

Solveig Solbakken
statssekretær i Barne- og familiedepartementet

Marianne Aasen Agdestein
Politisk rådgjevar i Kommunal- og regionaldepartementet

Åsa Steinsvik
Barne- og familiedepartementet

Tone Furuhoide
Barne- og familiedepartementet

Mona Paulsrud
Barne- og familiedepartementet

Terje Risholm
Kommunal- og regionaldepartementet

Ann Kristin Solli
Kommunal- og regionaldepartementet

Sekretariat:
Lokal Utvikling AS ved Toril Hareide Waag og Arne H. Waag.

Referent:
Henning Rivedal



Her er det viktig å lytte og lære!

Dei fire som styrde konferansen starta no for alvor jobben. Ein svært ulik flokk skulle losast gjennom to spennande dagar. Det skulle munne ut i råd og krav som departement, fylkeskommunar, kommunar og ungdommen sjølv kan bruke vidare. Først i elden var seks ungdommar/grupper av ungdommar. Dei presenterte eksempel på prosjekt som er sett i gang og som dei opplever som positive.

Presentasjon av dei gode eksempla

Alle som har arbeidd med å få til noko i eit lokalsamfunn erfarer at dei då gir seg inn på ein vanskeleg veg. Den er full av svingar, oppoverbakkar og nedoverbakkar. Bodil Haukø som var den første som presenterte gode eksempel er positivtetsagent i Røyrvik kommune i Nord-Trøndelag. Ho laga ei spørjeundersøking til ungdom om kva som skulle til for at dei skulle få eit betre tilbod i Røyrvik. "Vi ønskjer helsestudio og ein plass å møtast," var svaret. Helsestudio var på planleggingsstadiet med kommunen som samarbeidspartnar. I dag er det blitt eit tilbod tre gonger i veka.

Problemet som blei positivt

"Så var det møteplassen der ungdom kunne møtast etter skuletid. Vi var og såg på mange plassar og fann eit lokale som ville vore bra. Heldigvis kom kommunen på bana med tilbod om eit lokale som skulle vere midlertidig inntil vidare. Det inneheldt ei stor stove, kjøkken og tre andre rom. Ungdommane investerte i tre datamaskinar med internettoppkopling. Møblar, vaffeljern, koppar, spel og musikkanlegg kom på plass, mykje ved at dei annonserte i kommune-avisa og såleis fekk mesteparten av utstyret.

Viss du vil, får du til

Vi fekk pengar frå Barne- og familiedepartementet i 1999, og ungdommane har vore med og bestemt korleis dei pengane skal brukast. I dag er det ca. 15 ungdommar som møter opp kvar kveld. Ungdommen som går på vidaregåande skule i Grong kjem heim att kvar helg for å delta," fortel Bodil. Ho har grunn til å vere stolt. Det er ikkje så lett å få ungdom frå ei lita bygd til å komme heim når dei går på skule i kommunesenteret. Det er skipa Ungdomsråd og det er ein ungdom med i det kommunale kulturforumet. "Vi har hatt både oppturar og nedturar, men opplever at bølgiene snur seg til det gode," avslutta Bodil Haukø.

Eldsjel med radiointeresse

Anne Lene Andersen frå Vega, eller "Vegå" som det heiter lokalt, entra podiet med eit poeng: "Det som først og fremst driv lokalsamfunnet er ikkje pengar, men eldsjeler." Anne Lene har vore med i Radio Vega sidan starten i 1989. Då var ho 14 år gammal. I dag er ho leiar i radioen, har vore med i ungdomsrådet og er leigd inn som dagleg leiar av den kommunale ungdomsklubben som ungdomsrådet driv. Som dei fleste andre nærradioar

har Radio Vega levd eit berg- og dalbane liv, alt etter kor mange eldsjeler som har vore i kommunen.

Ein positiv vri

Då Anne Lene snakka med positivtetsagenten dukka idéen om å ta ungdommen med i radioen opp. Det vart etablert samarbeid mellom ungdomsklubb, ungdomsråd og radio. Skeptikarane lurte på om ikkje dette ville kvele alle tre tiltaka.

Første samlingskvelden møtte det opp 30 ungdommar. Ein halvpart hadde teknikarkurs, og den andre dikta høyrspel. Høyrspelet utvikla seg til ein suksess. Dei tre samarbeidspartane fann alle ut at dei tente på å samarbeide.

"Samarbeidet har ført til vekst i alle tre organisasjonane. Alle tre har fått fleire føter å stå på, og vi har funne fleire eldsjeler som ønskjer å gjere ein jobb for lokalsamfunnet".

Anne Sigrid ein "Ung etablerer"

Her skal du få møte Anne Sigrid Haugset frå Namsskogan. Ho er 24 år gammal og har opplevd mykje som "Ung etablerer". Det er eit prosjekt som handlar om å hjelpe personar mellom 19 og 35 år å starte si eiga bedrift, og drive den med fortjeneste. Finansieringa kjem frå Statens Nærings- og



Temperaturen steig raskt. Statssekretær Solveig Solbakken i Barne- og familie-departementet var knapt nede av talarstolen før ivrige spørsmålstillarar var på plass i pausen.

Distriktsutviklingsfond (SND), Arbeidsmarknadsetaten og Pilotkommuneprosjektet.

Forretningsidéen til Anne Sigrid er å skape ei bedrift som tilbyr webutvikling for små og mellomstore bedrifter.

"Då eg tenkte tanken på å starte for meg sjølv, var det fordi eg hadde eit intenst ønskje om å "eige mi eiga tid". Dessutan fanst det ingen ledige jobbar i Indre Namdal innan nettutvikling. Då "Ung etablerer" blei lyst ut, bestemte eg meg med ein gong: Her var sjansen min til å få hjelp med etableringa".

Mykje tvil og tru

Dei som satsar på "Ung etablerer" blir prenta inn at det er mykje hardt arbeid som er det viktigaste. 70 prosent av alle nyetableringar blir aldri lønsame.

"Men eg har veldig tru på prosjektet mitt. Eg trur faktisk at eg skal kunne leve av det! Der eg bur har eg liten eller ingen moglegheit til å jobbe med nettutvikling," seier Anne Sigrid. Ho meiner at med den hjelp ho får, skal det vere mogleg å etablere bedrifta si og kunne leve og bu med mann og eventuelle barn i Namsskogan, men tvilen ligg alltid på lur:

«Kva om eg ikkje lukkast? Eg har sagt opp jobben min, kanskje må eg flytte for å få ny jobb? Og viss eg lukkast; kva vil jantelova kunne gjere med det sosiale livet mitt? Eg har jo tenkt å tene pengar. Dei som gjer det blir av og til rakka ned på i små og gjennomsluktige samfunn».

Men så kastar ho tungsinnet av seg, og slår fast at ho vil slåst for at den vesle bedrifta hennar skal klare seg og at ho gler seg til å klare det:

"Distrikta treng gründerar, folk som er oppfinnsame, har mot og handlekraft nok til å skape seg sin eigen arbeidsplass - og eg ønskjer å vere ein av dei!"

Glød og dyktig framføring prega innlegga til ungdommane.

Applausen som følgde Anne Sigrid Haugset ned frå podiet fortalde også at mange ønskte at ho skal lukkast, og at dei likte måten ho presenterte seg på.

Dei som vil vite meir om "Ung etablerer" kan ta kontakt med prosjektleiar Mette Andvik på e-post: inmette@online.no

Ungdomsprojektet i indre Sør-Troms

Det er lett å bli entusiast når den eine distriktsungdommen etter den andre går på talarstolen og fortel om det dei driv på med. 150 tilhøyrarar i salen legg ingen dempar på prestasjonane.

Lars Kristian Berg er positivitetsagent i Gratangen kommune, som er med i Ungdomsprojektet i indre Sør-Troms saman med Dyrøy, Salangen, Lavangen og Bardu. Prosjektet skal mobilisere ungdom og få dei meir på bana enn tidlegare. Dei har hatt ein konferanse og funne ut kva ungdom saknar i bygda si. Resultatet er Internettkafé i løpet av hausten og rockefabrikk.

Ungdomsråd krev tid

"Det som har tatt mest tid i Ungdomsprojektet vårt er å starte ungdomsråd i kvar av kommunane. I tillegg har vi tatt ut ein representant frå dei kommunale ungdomsråda som skal vere med i det regionale ungdomsrådet.

Formålet med ungdomsråd er å vere læringsarena for dei demokratiske prosessane i samfunnet vårt." slår Lars Kristian Berg fast. Ungdomsråda skal ta opp spørsmål



Det er ikkje berre enkelt å stå framfor ei så stor forsamling og forklare kort og underhaldande om det du driv på med.



som gjeld ungdommen. Dei skal vere ein ressurs for polititarane i regionen og vere ein høyringsinstans og rådgjevar for kommunane. Det vil gje ungdommen høve til å påverke sin eigen situasjon. På den måten blir ungdom nærast eit investeringsobjekt der kommunane kan investere og få nytte att seinare.

Ein ungdomsmedarbeidar i kvar kommune hjelper til å halde styr på alle aktivitetane som er i gang. Positive aktivitetar for å hjelpe ungdommen til å halde kontakt med heimbygdene sine er rockemønstring i Gratangen og juletreff i kommunane. Ungdom som er vekke på skule får då møte ungdommen som bur i kommunen.

I kjølvatnet av ungdomssamarbeidet har det vakse fram eit veldig godt samarbeid over kommunegrensene i indre Sør-Troms.

Saknet etter ein positivitetsagent

Kva skjer når ein dyktig positivitetsagent sluttar? Dei to representantane frå Askvoll, Helge Bjaanes og Rune Rivedal, fortalde om korleis ein del gode tiltak stoppa opp etter at positivitetsagent Torbjørn Dalsøren slutta og ingen kom i staden:

"Han arrangerte mellom anna ei rockemønstring som samla mykje ungdom og stor interesse, og fekk ting i gang som engasjerte. I år har vi ingen."

Gode aktivitetar

"Vi har Ungdomsråd som har fått fram positive ting som musikkverkstad, ungdomsklubbar, mekkeverkstad og Askvoll dataklubb.

Vi disponerer Straks-midlar som gjeld tiltak for ungdom i alderen 12-14 år, og midlar til Kulturelt entreprenørskap, som gjeld ungdom i alderen 15-24 år.

Mellom anna har vi fått midlar til datautstyr i Askvoll dataklubb. Det har resultert i at medlemstalet har auka frå 10, for to år sidan då vi starta, til 40 i dag.

Vi held kurs for sjuandeklassingane, og på den måten syter vi for ei god rekruttering," fortalde dei to.

Dårleg kommunikasjon lokalt - stor kontakt internasjonalt

Problemet i Askvoll er at kommunikasjonane mellom øysamfunna og fastlandet er for dårleg til at ungdom kan ha nær kontakt.

Busstilbodet på fastlandet er slik at alle er avhengige av privatbilar for å møtast.

Dei to mest vellukka tiltaka er den nye idrettshallen som vart reist med stor dugnadsinnsats og

Internasjonaliseringsprosjektet for ungdom. Sistnemnde prosjekt knyter ungdommen i HAFS-regionen til ungdom utanlands, og har vore spanande og vellukka.

HAFS-regionen er samansett av kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. I

Internasjonaliseringsprosjektet har dei hatt besøk av ungdom, mellom anna frå Ukraina, Wales og Romania.

Kontakten foregår med at ungdom frå HAFS reiser til eit av dei landa og er der i to veker for å lære om korleis dei har det. Så kjem dei på gjensidig.

For dei litt eldre ungdommane, som reiser ut på vidaregåande

skule eller anna vidare utdanning, blir det arrangert julemøte. Der møter dei utreiste den fastbuande ungdommen og andre interesserte, og snakkar om saker som opptek dei.

Vil du vite meir om moglegheiter for internasjonaliseringsprosjekt: www.ungieuropa.net

Han som flytta heim og starta web-hotell

Håvard Taraldsen frå Lesja i Oppland flytta ut som 17-åring og tilbake i 1998. No er han 34 år og sit i kommunestyret i heimkommunen. Han har starta ei bedrift som heiter Lesja Data. Det er eit web-hotell, det vil seie ein sentral for internettsider.

"Eg har levd eit omflakkande liv, men enda opp med høgare økonomisk utdanning med IT som tillegg. Så har eg ein bror som er IT-ingeniør og som fann ut at han skulle flytte heim att om lag samstundes med meg.

Då eg kom attende søkte eg etablerarstipend, og det gjekk greitt.

Rådet mitt er at dei offentlege midlar som finst må de passe på utnytte. Det er difor dei er der. Bruk dei, for når de startar ei bedrift, så blir det litt smalhans ei tid.

Eg og bror min er så heldige at vi er gifte med sjukepleiarar som er i fast jobb. Det er nyttig, særleg i etableringsfasen når bedrifta kanskje slit litt", fortalde han.

Gode lokalt nettverk

Håvard har vore engasjert i å samarbeide med skulane for å få fatt i



Rune Rivedal og Helge Bjaanes frå Askvoll var opp-
tekne av internasjonalisering
og kommunikasjonar.

ungdom som er interesserte i å etablere eiga bedrift. Då er det viktig å byggje opp sosiale nettverk i bygda.

"For meg var det viktig at det var eit godt miljø rundt luftsport i Lesja. Det gjorde det lett for meg å føle meg heime då eg hadde flytt heim. Eg kunne halde fram å dyrke hobbyen min".

Smått, men godt på Utsira

Sist ut i runden med ungdom som fortalde om gode døme på aktivitetar dei hadde fått til i heimkommunen, var positivitetsagent Linn Iren Skare frå Utsira i Rogaland. Utsira er ei øy vest for Haugesund, der det bur rundt 250 menneske. Øya er eigen kommune.

"Som positivitetsagent er eg blitt teken med i eit kommunalt ungdomsprosjekt i samband med Pilotkommuneprosjektet som Utsira er ein del av. Kommunestyret løyvde 150 000 kroner til det.

Så hadde vi ungdommane ei idémyldring. Vi fekk ein prosjektleiar i 25 prosent stilling og ei referansegruppe," fortalde ho.

Det ungdommen på Utsira ønskte var å få til eit betre fritids- og aktivitetstilbod. Første prioritet var å fikse ungdomsklubben i det gamle skulehuset. Den var for så vidt fin, men etter kvart ganske nedsliten.

"Vi skaffa utstyr slik som TV, video og kjøkkenutstyr. Kommunen gav oss 300 000 kroner til å pusse opp bad og toalett. Pengane var det vi ungdommane som disponerte. For tida arbeider vi med å få bygget til å bli ei stifting som ungdommen skal drive."

Populær øy for friluftsfolk

Utsira er ei øy, og dykking er ein populær fritidsaktivitet. Dette blir utnytta i eit prosjekt som skal få folk til å komme til øya for å dykke, i staden for at det er dei som bur der som reiser vekk.

I sommar arrangerte dei "Sjøsjukefestivalen". Då vart alle fastbuande og lokale ungdommar inviterte til teltleir, fisking og rekefest på øya.

"Sjølve målet med ungdomssatsinga er å få utflytt ungdom tilbake til Utsira i helgane, og på den måten

at vi greier å skape eit breiare ungdomsmiljø," sa Linn Iren.

Gode ungdomstilbod

Kommunen tilbyr ungdom som er i utdanning reisestipend som tilsvarende gratis heimreise kvar helg i fem år.

Etablerarstipend blir gitt til ungdom som etablerer seg på Utsira. Dei får 10 prosent av kjøpesummen på huset dei kjøper.

I tillegg har dei Dalanaustet, som er ein fin samlingsplass saman med gamleskulen.

Mange let seg imponere over at Utsira med 250 innbyggjarar har råd til å tilby ungdommane sine så mange goder.

Lærerikt og imponerende

For mange var det interessant å lære om korleis andre har det. Ofte finn dei då ut at dei kan lære litt om nye måtar å løyse utfordringar på. Samtidig er det greitt å oppdage at graset andre stader ikkje alltid er så mykje grønare og saftigare enn heime.



...og så tenker vi
så det knaker



Og så var det alvor

Skjønneheita Ann Kristín

Ann Kristin er 16 år. Ho har flytta til byen for å ta vidaregåande utdanning. Ho er opptatt av motar og sminke og drøymmer om å bli fotomodell. Ho drøymmer om å bli "oppdaga" av modellbyrå, vinne skjønneheitskonkurransar og bli eit kjent andlet i lokalavisa. Når ho kjem heim (ein og annan gong) blir ho baksnakka med setninga "Kva er det ho trur ho er....?"

Etter ein god lunsj, der folk så smått tok til å blande seg med kvarandre, var det klart for første runde med arbeid fram mot det endelege målet. Ungdommane blei delte inn i grupper. Kvar gruppe hadde ein farge. Dei fekk utlevert store plakatar med kvar sin gruppefarge. Der skulle dei skrive ned i stikkords form kva slags svar dei hadde kome fram til på spørsmål gruppa skulle drøfte. Når dei var ferdige med gruppearbeida, etter knappe tre timars arbeid, samlast alle i stor-salen att. Då skulle kvar gruppe presentere sine svar.

Hovudspørsmålet til dei 8 ungdomsgruppene var:
Kvifor flytter ungdommen frå bygda?

Utanfor den store salen dukka det etter kvart opp både frukt og vafler, slik at det var råd å få påfyll av fysisk føde innimellom alt det åndelege.

Dei fire ivrige ungdommane, som heldt styr på den store flokken, var i stadig aktivitet rundt på grupperomma for å sjå til at framdrifta i arbeidet gjekk godt.

Kvar gruppe hadde sin leiar, og difor gjekk sjølve arbeidet greitt unna.

Nokre døme til diskusjon

I tillegg til hovudspørsmålet fekk ungdommane nokre såkalla "case", eller døme, dei skulle diskutere og kommentere.

"Er dette typiske problemstillingar i distrikts-Noreg?" var spørsmålet som innleia dei ulike døma. Vi presenterer casa eller døma her.

Per på fest

Per Arne er 14 år og ein veldig god forballspelar. Han får vere med på A-laget på dei siste kampene i serien, der han faktisk scorar.

Etter sesongen blir han invitert på avslutningsfest. Dei "store" drikk pils til maten, medan Per Arne drikk brus.

Per Arne spør om han kan få smake pils, noko han får lov til. Han drikk mykje, og blir full. Han kastar opp på den nye jakka si, og blir etter kvart henta av ei sint og fortvila mor.

Mona 17 og Terje 24

Terje tar bilen og drar på fest i nabobygda - drikk. Terje foreslår at Mona køyrer heim att. Mona tykkjer det er moro å "prøvekøyre" - tøft.

Mona køyrer heim, full, med mange passasjerar i baksetet.

Uorganisert fritid - ettermiddagstilbod

Toril er 15 år. Etter skulen går Toril heim. Deretter tar ho bussen ned til "sentrum" (S-laget). Ho heng utanfor butikken saman med venner. Dei tøffe gutane kjem etter kvart på moped, bil eller traktor. Klokka 21.30 drar Toril heim.

Bedriftsetablering

Kåre flytter heim til heimbygda og vil starte IT-firma. Formannskapet har ikkje kompetansen til å gjere ei vurdering av prosjektet. Formannskapet fryktar at prosjektet ikkje er levedyktig. Dei avslår søknaden om etableringsstøtte. Kåre flytter tilbake til byen.

«Høvdingen» Arne

- Arne er 17 år og saman med ei jente på 15 år
- Arne er 21 år og saman med ei jente på 15 år
- Arne er 25 år og saman med ei jente på 15 år
- Arne er 31 år og saman med ei jente på 15 år
- Arne er 31 år og saman med vikarlærer på 28 år.
Ho blir gravid og flytter til "byen"
- Arne er 33 år og saman med ei jente på 15 år

"Fucking Åmål" og dei vaksne

Då ungdommane spreidde seg på gruppearbeid vart dei vaksne att i den store salen. Der fekk dei servert den svenske filmen "Fucking Åmål". Den handlar om ein ungdomsgjeng i ei lita svensk bygd. Innflyttarjenta er stille og inneslutta. Ho blir mobba av dei andre på skulen, fordi dei synes ho er litt "rar", liksom. Ingen tek affære, og etter ein mislukka bursdagsfest prøver ho å ta livet sitt.

Ei av dei viltraste jentene i klassen vil vekk frå Åmål. Det er så "fuc-

king kjedeleg" der. Ho angrar litt på at dei var så stygge med innflyttarjenta og tar kontakt. Etter kvart forelskar dei seg i kvarandre. Etter ein periode der den viltre jenta prøver å hoppe av og vere saman med gutar, endar det med ei krise der dei to finn attande til kvarandre. Dei står fram med legningen sin.

Mange i vaksengruppa hadde fått mykje å tenke på etter framvisninga av filmen. Gruppa vart samla til debatt rundt emnet: Er dette eit "sant" bilete av livet i distrikta? Eit

anna hovudspørsmål var: Kvifor flytter ungdommen?

Debatten avslørte at mange meinte at filmen overdreiv ein del. Dei var skeptiske til det kritiske og negative biletet som filmen viste, etter deira meining.

Så samla vaksengruppa seg i mindre grupper og diskuterte følgjande spørsmål: «Kvifor bur ungdom i bygda di?»



Kvifor bur ungdom i bygda di? - Svar vaksengruppe

1. Alle ungdommar ønskjer seg ein anna plass, enten dei bur i Oslo eller Trondheim. Dei vil ut og leve livet. Utfordringa ligg i å godta at det er slik, samstundes som vi skal arbeide for at dei skal komme tilbake. Mykje av ungdomssatsinga handlar om å skape haldningar meir enn om pengar.
2. Det er også ein styrke i at vi heile tida må tenke og arbeide for å få ungdommane våre tilbake. Byane slepp det. Viss vi skal få ungdommane tilbake, må vi halde kontakten med dei til dei eventuelt har sett at graset ikkje er grønare, og at dei kan tenke seg å vurdere å slå seg ned i heimbygda.
3. Ingen i Lesja står fram og seier at dei er homofile eller lesbiske. Dei er reist til Oslo og har gjerne gode jobbar der. Kanskje kunne dei tenkt seg heim att, men tida er neppe moden for det enno.
4. Når vi reiser ut, må vi ha med oss i bagasjen ei oppfatning av at det var godt å vekse opp der vi kom frå.
5. Greier vi å godta dei som er annleis, har vi teke eit langt steg.
6. Det har litt med at i bygda kan du få lov å vere "Nattergal". Du blir lagt merke til og betyr noko; stemma di blir høyrd. I storbyen forsvinn du meir og blir eit nummer, ein "Maur". Dette må vi bruke, for det er "Nattergalane" vi vil ha tilbake, og som vil tilbake. Kvart enkeltindivid betyr meir i bygda, og det avlar stoltheit.
7. Gode skular, gode fritidstilbod, lite krim, dugnadsånd, og kjærleiken til heimstaden din; den uforklarlege som du føler inne i brystet, får deg til å bli i bygda eller flytte heim att.

Kvifor flytter ungdom frå bygda? - Svar ungdomsgrupper

- Mangel på moglegheiter
- Flytter med kjæresten
- Mistrivsel
- Mangel på interessante yrke og få jobbar å velje i.
- Ungdom er mobil og vil vere det. Vi har godt av miljøforandringar.
- Vil ikkje vere åleine att i bygda
- Få moglegheiter til etterutdanning
- Trang til fridom
- Sentraliseringspolitikk
- Mangel på servicetilbod som helse, post, skule.
- Få kulturelle tilbod
- Einsformig, lite kreativitet
- Missunning og baksnakking - jantelova
- Vanskeleg å få ros og godkjenning
- Ei fjør blir ofte til fem høns
- Skepsis overfor nyetableringar
- Spesielle interesser
- Manglande kompetanse ved sakshandsaming. Vi møter politikarar og byråkratar som var flinke for 20 år sidan. Dei er framleis flinke - på sin måte, men dei er proppen i holet i forhold til ungdommen. Dei må lære seg å lytte og vere opne for nye impulsar frå oss som er unge i dag.
- Ungdommen i bygdene trur at det er i byane det skjer.
- Det er lite å velje i på bygdene. Du kan liksom ha 3-4 vener og må ta det du får.
- Snøskredfare og rasfare langs dårlege vegar skaper utryggleik og mindre lyst å bu i distrikta.
- Vi blir lei av å sitte på S-laget og sjå dei same folka som vi har sett i 17 år. Vi vil sjå punkarar og negrar også.
- Det er vanskeleg å få leige hus, og vi er lei av heimlassen og jantelova og sladderer der.
- Mor og far: "Ka farsken driv du på med no?" Ungdom: "Vi er lei av å vere "overvaka". Vi vil skape vår eigen identitet."

Etter gruppearbeidet vart det arrangert ein paneldebatt der ungdommane og dei vaksne kunne bryne synspunkta sine mot kvarandre. Panelet bestod av både vaksne og ungdommar.

Det var framleis dei fire positivitetsagentane som held styr på folket. Debattiveren i salen var stor, og temperaturen til tider varm.

Paneldebatt med frustrasjon og utfordringar

12

"Eg flytta heim att fordi eg hadde trivelege opplevingar derifrå med meg ut i verda, med god skule og gode lærarar. Mine ungar skal få det same som eg fekk. Dette tenkte eg ikkje på før det var aktuelt for ungane mine," sa ein av ungdommane. Han hadde passert 30 og stifta familie.

"Viss vi får alt byen har med shopping og teater og likande; kva skjer då med bygda vår? Ønsker vi at ho skal bli ein by?," spurde ein av dei yngre.

Sladder er ein verkebyll

Frå salen dukka eit av dei varme tema opp; sladder. Mange ungdommar gav uttrykk for at dei såg på sladder som ei viktig årsak til at dei ville vekk frå bygda:

"Fireåringen i barnehagen hører sladder. Etter kvart som dei veks til blir dei lei å høyre på sladder og jantelova, og flytter heller vekk frå bygda."

Motargumenta let ikkje vente på seg:

"Sladder er også ein måte å bry seg på. Det er mange slags former for sladder. Vi må starte med oss sjølv, vi som er unge. Foreldra våre er for gamle å frelse".

"Bur du i distrikta har du valt å vere synleg. Der er få menneske, store slekter. Kva er sladder og kva er

nyttig informasjon, det å bry seg? Det at folk bryr seg om kvarandre er betre enn at ingen bryr seg slik som i byane."

Det blei snakka rett frå levra, og korkje frå dirigentplass eller sal blei orda pakka inn i silkepapir: "I mi heimbygd var det eit innbrot for 20 år sidan. Det snakkar folk om enno, og eg er lei av å høyre om det," slo ein ungdom fast.

Om å bu og leve i distrikta

"Er det berre i min kommune det er umogleg å få ein plass å bu? Vi har 60 tomme hus. Då vi gjekk ut og lyste etter buplass var det to som svarde," sa ein av debattantane med eit hjertesukk. Dette skulle vise seg å bli eit av dei tema som kom att også i gruppearbeida og konklusjonane.

Bygdene kan tene på å opne seg. Det er mykje vakker tåketale om kor viktig det er å få ungdommen heim, men når ungdommen vil heim, så er det umogleg både å få arbeid og buplass. Dette var eit kjernepunkt i kritikken mot bygdene.

"Er det interessant å gjere bygda interessant også for byungdom? Har vi gitt opp byungdommen?," spurde ein og fekk svar:

"Kva har vi å tilby? Jakt, fiske, natur og god plass. Tilbyr vi det? Vi

klumpar folk saman i trange bustadfelt med utsikt til naboen. Kanskje må vi kjenne grunneigaren for å få tilgang til jakt og fiske. Vi må slutte å ruge på verdiane våre, gjere dei tilgjengelege og dele med andre. Då blir vi attraktive."

Kva med arbeid i distrikta?

Ei klar melding frå ungdommen var at for å flytte heim att må dei ha sikker arbeidsplass og det må vere ein vidaregåande skule i nærleiken. "Kommunane må bli flinkare til å kartlegge kva dei har av næringsliv. Vi gjekk til kommunen og ville lage eit prosjekt der vi skulle finne ut kor mange bedrifter vi hadde, og kva dei dreiv med.

Kommunen støtta oss litt halvlunka. Dei trudde det var snakk om ca. 40 næringsdrivande.

Vi fann ut i Brønnøysund-registeret at det var 196 registrerte bedrifter. 130 av dei er fullt oppegåande," slo ein av dei eldre ungdommane fast. "I mi bygd gir næringslivet ein avkastning på 50 millionar kroner. Har vi ikkje fortent å få litt att av det?

Når dei snakkar om at det er "subsidiar" til distrikta når dei skal investere der, er ikkje det feil språkbruk?

I mi heimbygd har det vore problem å få folk til å arbeide på eit



Panelet var samansett av unge og vaksne.

lakseoppdrett. Så fekk dei tak i ein mann frå Kosovo. Han gjer ein god jobb og trivst. Snart må han reise. Han får ikkje opphaldsløyve. Er det berre Kværner og slike som kan hente folk frå utlandet?

Litt positivt og?

"Det er utruleg mykje negativ omtale om det å bu i distrikta," sa ein.

"Det er kjempefint å bu der eg bur. Eg tykkjer det er teit å høyre masse dritt om bygdene," sa ein annan.

"Eg manglar ingen ting. Eg sit i to ungdomsråd. Det einaste eg manglar er tid," slo ein tredje fast.

"I mi heimbygd skal vi lære eldre å bruke data og IT. Vi får med oss eldre på Internettkafé på skulen. Vi skal ha seminar for heile fylket om ungdomsråd, og vi starta ungdomsråd i fjor." Slik bølga debatten fram og attende, men ei melding var klar: Politikarar og byråkratar må snakke eit enklare språk som ungdom kan forstå.

Ved å bruke kjennskap og vennskap kan mykje ordnast enkelt i distrikta, hevda ein. Saman med

Statens Vegvesen hadde han laga ein tettstadplan som fekk plass på eit A4-ark.

Er ungdom lat og uinteressert i politikk? Bør dei ikkje engasjere seg i politiske parti?, var eit emne som engasjerte. "Det nyttar ikkje å sitte ved kjøkkenbordet og kjeft og smelle når du er misnøgd. Engasjer deg i politikken, sei ifrå," sa ein.

"Vi må involvere ungdommen og gje dei ansvar. Då har vi engasjert ungdommen. Ein del lat ungdom er det, men det er jaggu ein del late vaksne også," sa ein annan.

Og så var det fri

Etter debatten og middagen viste det seg at alle framleis var på talefot med kvarandre. Ungdom og vaksne sat saman og prata.

Ungdommane frå Finnmark hadde mykje moro med å køyre glasheisen på hotellet, "for det har ikkje vi heime," sa dei. Rundt pianoet samla det seg raskt ei ungdomsgruppe som improviserte "Syng med oss", kanskje til størst glede for hotellpianisten. Han fekk endeleg

litt å spele for. Det må også seiast at sangen var så bra at det var fint å høyre på.

Etter kvart kom diskoteket i gang også, men då hadde alle ordførarane, rådmennene og andre vaksne gått og lagt seg, slitne etter ein lang dag. Dei kunne raskt slå fast neste dag, at natta hadde sveisa iallfall ein del av ungdommane tettare saman.



Testing av urbansymbol. Ungdom frå Finnmark på veg oppover i glasheisen.



"Heistestpilotane" frå Finnmark på veg ut av heisen etter den 19. prøveturen.



Vakker ungdomssang med levande lys og glad pianist

Hyggeleg prat mellom ungdom og vaksne, viste at det var håp for den avgjerande søndagen.



Søndag 8. oktober.

Kl. 08.30:

Innleiing med oppsummering av dag 1 og informasjon om dagens arbeid.

Gruppeoppgåve - vaksengruppa:

Kva kan ungdommen gjere for at dei skal trivast i kommunen sin? Kva skal til for at dei skal gjere det?

Gruppeoppgåve - ungdommane:

Kva kan politikarane/kommunen gjere for at ungdom skal trivast i kommunen sin? Kva skal til for at dei skal gjere det?

Kl. 09.40:

Presentasjon i plenum

Kl. 10.10:

Pause med vafler og frukt

Kl. 10.30:

Gruppearbeid

Gruppeoppgåve - blanda grupper:

Resultat av første gruppeoppgåve dag 2 skal diskutast. Kva kan vi bli einige om? Korleis kan vi løyse dette praktisk?

Kl. 12.15:

Framlegging av gruppearbeidet. Kan vi bli einige om eit manifest?

Kl. 13.15:

Avslutning v/ Marianne Aasen Agdestein, politisk rådgjevar i Kommunal- og regionaldepartementet.

Kl. 13.30:

Lunsj og avreise.

"Vi lærde at dei vaksne må vere opne for mange nye haldningar. Vi må gjere noko med "vaksen-koden". Dei vaksne må gå i seg sjølv for å nå ungdommen.

Vi fekk fokusert på at det i kommunen er to verdenar og at det må gjerast noko med det."

*Kvar skal vi?
Kva gjer vi vidare?
Løysingar
på utfordringane*

Ungdommane og dei vaksne vart delte i dei same gruppene som dagen før. Oppgåva for dei vaksne var:

Kva kan ungdommen gjere for at dei skal trivast i kommunen sin? Kva skal til for at dei skal gjere det?

Ungdommane si oppgåve var:

Kva kan politikarane/kommunen gjere for at ungdommen skal trivast i sin kommune? Kva skal til for at dei skal gjere det?

Dei fekk ein time å arbeide før dei skulle komme attende og presentere svara sine i plenum. Etter ein kort pause med vafler og frukt skulle vaksne og ungdom blande seg i grupper og gjennomføre ein idé-dugnad. Den skulle munne ut i eit manifest, det vil seie ei slutterklæring som både ungdom og vaksne kunne vere einige om.

To av konferansedirektantane, Ann Hege Lervåg og Randi Næss har "peptalk" med Mona Paulsrud frå Barne- og familiedepartementet før starten søndag.



Kva kan politikarar og kommunaar gjere for at ungdom skal trivast i sin kommune?
Kva skal til for at dei skal gjere det?

Samandrag av svar frå ungdomsgruppe

Skule og utdanning

- Alle har godt av å flytte ut på utdanning, men kontakten med ungdommen må haldast oppe.
- Opprett fleire linjer og filialar for skular.
- Transport- og bu-utgifter må takast med.
- Desentraliserte tilbod.
- Stipend.
- Reisestipend for alle som går på skule, også dei som tar høgare utdanning. Reisestipendet bør vere basert på heimreise ein gong i månaden.
- Heimebuarstipend til dei som vel å bu og satse heime.
- Nedskriving av studielån .
- Få fleire vidaregåande skular i kommunane, og hald oppe mulegheitene for å gå på skule i eigen kommune. Ta vare på dei vidaregåande skulane som er, og få til nye linjer der.



Ja, kva skal vi meine om dette, tru?



Altså, det er jo ikkje berre dei store plassane som treng fritidstilbod!

Fritidstilbod

- Vi krev at alle småstader skal ha ein møteplass for ungdom, som ungdommen har laga til. Det skal ikkje berre finnast sentralt i kommunen, men på dei mindre plassane også.
- Når ungdom har konkrete idear så må dei få nok støtte til dei.
- Kvar kommune må ha ein kulturskule
- Vi vil ha støtte til uorganiserte aktivitetar som "skating" og "blading", der du kjem og går når du vil.
- Ta vare på trenarane i lokalsamfunnet, slik at dei ikkje brenn ut og forsvinn.
- Lik mulegheit for alle til å drive jakt og fiske

Medverknad og innflytelse

- Ta ungdom med på råd.
- Prioritér ungdommen.
- Opprett ungdomsråd.
- Tilsett ungdomsarbeidar og ta gjerne ein tur innom for å sjå kva ungdommane driv med.
- Gje ungdom forslags- og talerett i kommunestyre.
- Gje pengar som ungdommen disponerer, til dømes i ungdommens næringsfond.
- Rask sakshandsaming og lite papir.
- Hente og nytte kompetansen til ungdommen.
- Driv oppsøkande verksemd.
- Spør ungdommen, ikkje berre høyr på deg sjølv.
- Kvar kommune må ha eit fungerande ungdomsråd, som blir følgt opp med opplæring og kontakt med andre ungdomsråd, slik at ein får vite kva ein kan gjere. Representantane i ungdomsrådet skal ha både møte-, tale-, forslags- og stemmerett i kommunestyret i saker som gjeld ungdom.
- Vi vil at ungdommen skal få meir ansvar, tillit og reell makt.
- Vi ønskjer ikkje at ungdomsrådet på den eine sida skal ha 20 000 kroner til fri disposisjon samtidig som kommunestyret kan vedta å legge ned skular.



Viss vi skal bli interessert, så må vi jo også få ansvar

Viss vi veit at vi kan få jobb, er det lettare å flytte heim



Tenestetilbod

- Barnehage
- Gode skular
- Gratis Internett for folk som studerer
- Kulturelle tilbod
- Opplyse om kva vi har og ikkje har
- Billege ungdomsbustader
- Sel hus til ungdommen.
- Ikkje lat 40 hus stå tomme og berre to som kan seljast



Vi treng hus å bu i viss vi skal bli sjølvstendige.

18



Og her tenker hjernen så det knakar

Næring - Kommune

- Set av tid og vis interesse for ungdommen og ideane deira.
- Ver tøff nok til å seie frå kva de trur på og ikkje trur på.
- 35 prosent tilskot ved næringsetablering held ikkje. Då må ungdom låne 65 prosent og blir knekt av dårleg likviditet i den trange fødselen.
- Ha ein aktiv prosess både for å skaffe ho og han jobb.
- Ver kynisk. Tilsett ikkje naboen som er 50. Prøv å få inn ein ungdom utanfrå i jobben, slik at de aktivt er med og dreg ungdom heim.
- Få til fadderordningar mot næringslivet.
- Set pris på at ungdom kjem og etablerer seg i kommunen ved å tilby til dømes billege tomter, halv vassavgift. Tenk på kva kommunen får att, når ein familie på fire buset seg der, dei som seier at kommunen ikkje har råd.
- Gje økonomisk og moralsk støtte til nyetableringar
- Set pris på etablerarar, ikkje berre ungdom, men 40-åringar også.
- Kommunen må opplyse om jobbar.
- Tilrettelegge for jobb.
- Halde kontakt med utflytt ungdom.
- Lag ungdomssider på Internett der kommunen brukar dei til å gje ungdom informasjon om kva som går for seg heime.
- Etablerarkurs og stipend er viktig.
- Kartlegg kva som trengst, slik at de får til lærlingeordningar.
- Legg ut lokalt nytt, kven som gifter seg, juletreff og stillingsannonsar på den kommunale ungdomssida på Internett.

Næring - Stat

- Legge til rette slik at distrikta blir levedyktige.
- Legg konsesjonar og lønsame arbeidsplassar ut i distrikta.
- Gje ungdom, som vil etablere seg med 30 fots fiskerbåt og satse heime, kvotar som gjer det mogleg å skaffe sitt eige levebrød der.
- Sats på "Ung etablerer".

Polítikarar

- Må engasjere.
- Må tenke nytt.
- Må bruke pengar.
- Må få tak i eldsjelene for å få til noko, deriblant engasjert ungdom.
- Må høyre etter kva ungdommen har å seie.
- Må ha vilje til å arbeide for nyskaping, ikkje avvise nye arbeidsplassar.
- Må setje av midlar til ungdomssatsing.
- Sats på framtida - den er for ungdom.



Med slike politikarar ser framtida lys ut

Kva kan ungdommen gjere for at dei skal trivast i kommunen sin? Kva skal til for at dei kan gjere det?

Samandrag av svar frå vaksengruppe

20

Vaksensvar - dei vaksne sine råd til ungdommen

- Ta ansvar for eige liv.
- Synleggjer behova dykkar gjennom større engasjement.
- Ver samarbeidsvillig, slik at de oppnår meir fridom under ansvar, og at de tek ansvaret på alvor.
- Ta tak, gå i saman.
- Litt større toleranse.
- Skap positive haldningsendringar.
- De må tore å gjere noko sjølv.
- Ta ansvar for kvarandre, følg opp og ta kvarandre med i prosessar.
- Krev elevbedrifter for å lære entreprenørskap, ansvar og økonomisk styring.
- Krev at de får vere med i ulike råd og utval.
- Finn likesinna.
- Trykk sjeldnare på fjernkontrollen. Dukkar det opp "kjedeleg" informasjon på TV, få det med dykk.
- Provoser andre ungdommar, det vil seie å få dei engasjert.
- Minn politikarar på kva dei har sagt og gjort. Ha gjerne ei lita bok der de noterer ned og tek dei på det seinare. Køyr dei mot veggjen med uttalelsar dei har gitt, og spør kvifor det ikkje er gjort.
- Krev ein eigen arena.
- Bruk media dersom det buttar i mot.
- Sats på regionalt og internasjonalt samarbeid.



Gamle guruar let seg inspirere av ungdommen

Summ, summ, summ. Vaksne i ivrig summing.





Tid for framføring av det endelege resultat.

Konferansen sitt manifest

"Ung i distrikts-Noreg: Korleis få til noko lokalt?"

For å få fram eit endeleg resultat, vart ungdom og vaksne sett saman i grupper. Dei skulle no gå den siste strekninga for å komme fram med saker dei var einige om. Resultata blei presentert i plenum, og det må seiast at når alt kom til alt, viste det seg at dei to gruppene hadde mange syn som lett fall saman.

Konklusjonane, konferansen sitt manifest er delt inn i ulike krav og råd, ordna i grupper.

Det endelege resultat

Krav til stat og departement

- Det må vere slik at når vi bur i utkant-Noreg, så må vi kunne komme oss til sentrale strøk utan å bruke privatbilar.
- Vi ønskjer lovfesta at det skal vere ungdomsråd i kommunane.
- Lovpålagt med ungdomsarbeidar i kvar kommune.
- Pengar til ny etablering.
- Erstatning for fråfall av statlege arbeidsplassar i kommunane.
- Pengar til å oppretthalde arbeidsplassar.
- Sats på ungdomstiltak både frå Barne- og familiedepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Kulturdepartementet og Kyrkje- og utdanningsdepartementet.
- Vi vil ha pengar til ungdomsprosjekt.
- Vi vil ha pengar frå departementet til ungdomsbustader.
- Vi vil ha endring av regelverket for Husbanken, til fordel for ungdom.
- Vi vil ha lågare rente og høgare tilskot.
- Vi vil ha avdragstid og avdragsvilkår som er retta mot ungdom.
- Vi krev at kommunalministeren og barne- og familieministeren er med på neste samling, som deltakarar.

- Gje kommunar som kjem til dykk med idear sjansen til å følgje opp desse ideane. Det sit mange sterke ressurspersonar rundt om i kommunane som har gode idear.
- Vi ønskjer ein konferanse om eit år for å sjå kva det vi kom fram til her har ført til.
- Lat oppdrettskonsesjonane gå til distrikta, og spesielt til ungdommen.
- Lat ungdom få fiskekvote slik at dei kan drive fiske med sin eigen vesle båt. Trålarane kan heller få litt mindre.
- Senk avgiftene slik at kommunikasjon blir billigare.
- Vi meiner det er staten si oppgåve å auke reisestipenda og stipenda slik at alle kan gå ut av vidaregåande skule utan lån. Kommunane har for dårleg økonomi til å ta det løftet.
- Vi krev involvering. Betre tilrettelegging, betre prioritering, betre oppfølging i alle ledd, både frå stat, fylkeskommune og kommune, for vi har uante mulegheiter.
- Vi ønskjer at det skal gjennomførast ei ungdomsutveksling, finansiert frå toppnivå, slik at ungdom i innlandet får sjansen til å reise og vere hos ungdom på kysten, og motsett.
- Viss dei kommunale krava skal ha sjanse til å bli innfridd, må dei statlege løyvingane til kommunane aukast.

Krav til fylkeskommunen

- Stopp nedbygginga av vidaregåande skular.
- Opprett Ung-info-kontor i kommunane.
- Informér betre om tilskota som finst på fylkesnivå.
- Støtt nyetableringar. Få til gode opplegg for unge

etablerarar når det gjeld økonomi, rådgjeving og andre praktiske ting.

- Gje god hjelp til papirmølla for dei som skal starte bedrift.
- Vi ønskjer at det skal vere valfri skule- eller læreplass alt etter 10. klassen.

Krav til kommunen

- Politisk fadderordning. Ungdom bør ha ein person dei har tillit til som kan vere kontakt til politikarar og demokratiske organ.
- Alle kommunar skal ha ungdomsråd.
- Fortrinnvis interessert ungdom bør vere med i ungdomsråda, og bruk tid på prosessen.
- Det bør vere engasjerte politikarar og folk frå administrasjonen som er med.
- Gje handlingsrom både økonomisk og med rettlegging til idear som er levedyktige og positive, og som ungdommane går skikkeleg inn for sjølv.
- Bygg ungdomsbustader. Vurdér tvangssal av nedlagde gardsbruk.
- Bruk buplikta.
- Bruk ein eigen person som kan snakkast med når det gjeld sakshandsaming.
- Bruk lokal kompetanse, det vil seie den ungdommen som har lokal kompetanse.
- Vi vil ha god informasjonsflyt mellom kommunen og næringslivet.
- Vi vil ha informasjon om etablering.
- Vi vil ha informasjon om bustader.
- Vi vil ha informasjon om dei kommunale tenestene og kvar vi finn dei ulike kontora.
- Kartlegg kompetansen, slik at kommunane har oversikt over kva ungdommane deira held på med.
- Det er mogleg å få ting til viss kommunar går saman om å løyse utfordringane.

- Set av tid til å utveksle idéar saman med ungdom slik at ungdom og politikarar kan forstå kvarandre.
- Det bør opprettast eit ungdommens næringsfond, slik at ungdom er sikra at dei får noko når dei søker næringsmidlar.
- Lær av "Ung etablerer" i Pilotkommunesatsinga. Vi treng ikkje finne opp krutet to gonger.
- Møt dei som vil etablere seg i din kommune med positiv respons.
- Gje rentefrie lån og kanskje litt lenger avdragsfri periode.
- Støtt heller få med mykje
- Vi krev ungdomsråd og medverknad i det politika-rane held på med.
- Deltakarane i ungdomsrådet må ha møte- og talerett i kommunestyret.
- Sats på kontaktmøte som juletreff og møte mellom politikarar og ungdom.
- Det er viktig at ungdom som er ute på utdanning får informasjon, til dømes på heimeside, brev heimanfrå og på e-post om arrangement og ledige stillingar. Informasjon er kjempeviktig!
- Ta vare på ungdommen som er i kommunen og korleis dei har det.
- Vi etterlyser positivitetsagent frå alle ungdomsråd; ein person som er bygda sitt andlet utad når det gjeld ungdom.
- Bygda må ha eit treffpunkt for ungdom.
- Samordning i staden for nedlegging, til dømes at barnehage og skule blir samordna til eit oppvekst-senter.

Krav til politikarane

- Dei lovnadane som politikarane gir, må dei halde.
- Vi ønskjer at det blir ført ein enklare politisk språkbruk, som igjen fører til at papirmengda som kommunepolitikarane får blir halvert.
- Vis interesse for dei nye møteplassane for ungdom, og ungdom er folk opp til 35 år. Dropp ti

minutt av Dagsrevyen og stikk innom ungdoms-klubben. Sjå korleis dei har det der. Vis at du bryr deg.

- Politikarar skal ikkje levere totalpakkar. Politikarane skal berre legge til rette, rettleie og hjelpe til i prosessen, men det er ungdommen sjølv som må utforme prosessen og få produktet opp og fram.

Krav til ungdommen

- Ungdom må stå på og mase. Skrik høgare. Grip dagen. Dagen i dag er då de skal sette i gang. Får

de ikkje gjennomslag, så gå til media, for dei er positive til ungdomssaker.

- Ungdom må lære seg å bruke formuleringar i det politiske liv.

Generelle krav

- Stat og kommune må ikkje gjennomregulere oss frå barnehage, til vi går ut av tre-årig vidaregåande skule, og vidare til vidareutdanning på universitet og høgskular. Vi må lære å ta ansvar for eiga utvikling, til dømes i elevbedrifter, i barnehagen og gjennom entreprenørskap i skulen. Det er vik-

tig å lære å tore å gjere feil, alt i frå barnehagealder. Med gjennomregulering meiner vi til dømes at det naturlege treet på tunet i barnehagen ikkje må bli sett på som det farlegaste leikeapparatet. Det må vere lov å klatre opp i treet og ramle ned og slå seg.

- Tenk positive tankar, sei positive ord, gjer positive gjerningar og vis positiv vilje.



Marianne Aasen Agdestein er politisk rådgjevar i Kommunal- og regionaldepartementet.

Er det mogleg å gjennomføre det som blir virvla opp av idear, tankar og ønskemål på ein slik konferanse? Det kan berre framtida gje svar på. Frå Kommunal- og regionaldepartementet gjekk politisk rådgjevar Marianne Aasen Agdestein på talarstolen med sitt sluttord, prega både av positive og meir kritiske haldningar.

Sluttord

"Eg lovar at det første eg skal seie til kommunalministeren når eg møter henne, er at de vil at ho skal vere med neste gong," sa Marianne Aasen Agdestein.

Ho var glad for å kunne vere i ei så engasjert forsamling, der det politiske engasjementet var på eit prisverdig høgt nivå. Rapporten frå denne konferansen, lova ho, skulle bli send til alle deltakarane. Den vil også bli brukt både i Barne- og familiedepartementet og i Kommunal- og regionaldepartementet.

"Eg tar med meg mange av innspe- la de har kome med. Vi har fått ein del generelle krav som vi møter stadig, men også ein del spesifikke krav, til dømes om enklare språk. Eit anna som gjeld ungdomsutveksling er også viktig. Eg kan godt legge til, utveksling også mellom vaksne, for vi veit kanskje for lite om kvardagen til kvarandre, og problema våre," sa den politiske rådgjevaren.

Ho slo fast at meir informasjon er

viktig. Når det gjeld Positivitetsagentar og kva som skal skje med dei, er det under utgreiing.

"Lovpålagt ungdomsråd høyrer fint ut, men det vil seie fleire lover og meir sentralstyring. Eg trur de må vekke dykkar eigne, lokale politikarar, og fortelje kva de meiner om framtida. Då vil de oppnå å få ungdomsråd som er meir enn sandpårstrøingsorgan," var ei av utfordringane Marianne Aasen Agdestein sende attende til forsamlinga.

Sentraliseringstrenden

Ho kom inn på den verdsomspennande sentraliseringstrenden som også Noreg merkar. Den gjer at det er vanskeleg å halde oppe busetjingsmønsteret i distrikta i dag. Det bur for mange gamle der, med mindre det flytter masse ungdom dit.

Ein del vil tilbake, men får ikkje kjøpe småbruk. Reguleringar av odelsga hindrar det. Andre land er flinkare enn oss på det området.

Bruk mulegheitene

"Eg vil åtvare mot å sutre. Skryt av distrikta. Når det gjeld arbeid så har vi verkemidlar som også er personretta.

Vi har etablerarstipend, SND, og fylka har midlar. Det finst ei mengd med ordningar som er tilgjengelege.

Lag arenaer der ungdom får lov å utvikle idear. Skaff informasjon om verkemidla, og bruk dei øyremerka midlane. De har fleire mulegheiter enn de trur. Bruk makta de har, for den er stor," sa Marianne Aasen Agdestein.

Ho slo fast at ungdom ikkje har gjort det før. Pensjonistane har gjort det: "Møt politikarane på deira premissar. Kanskje er det behov for eit ungdomsopprør overfor partia. Lukke til!"

Slik avslutta den politiske rådgjevaren i Kommunal og regionaldepartementet konferansen, med ei utfordring meir enn eit klapp på skuldra.

Mathilde síne inntrykk

Mathilde Jacobsen er 14 år og frå Andøya der ho er leiar i ungdomsrådet. Kva sit ho att med etter konferansen?

"Eg har litt meir idear på kva ungdomsrådet kan jobbe med for å få ungdom til å trivast, men eg er så ung at eg klarar ikkje å sjå liksom det der jobbopplegget som dei held på med og pratar om. Det der med bedrifta og slikt, det klarer ikkje eg å sjå.

Elles så synest eg det har vore greitt, men det har vore litt for mykje slik at politkarane har prata om ungdommen og ikkje til ungdommen. Dei har brukt litt dumme ord. I går blei det liksom slik at dei gjekk ein annan plass liksom, dei diskuterte ikkje distriktsungdom, dei diskuterte andre ting. Det blei på ein måte ikkje ein dialog mellom politkarane og ungdommen, det blei ein dialog mellom politkar og politkar, og det er feil.

Har det vore på pluss eller minussida, tykkjer du?

"Går det an å seie pluss-minus,? he-he. Eg synes vel det har vore midt i laget. Ikkje sånn kjempebra og ikkje sånn kjempedårleg".

Mathilde Jacobsen saman med Cecilie Myrseth frå Lavangen.



Utgitt av: Barne- og Familiedepartementet / Kommunal- og regionaldepartementet
Offentlege institusjoner kan bestille fleire eksemplar av denne publikasjonen frå:
Statens forvaltningstjeneste Informasjonsforvaltning • Postboks 8169 Dep, 0034 Oslo
E-post: ifa3-bestilling@ft.dep.no • Telefaks 22 24 27 86
H-2121

Tekst og foto: Henning Rivedal - 6863 Leikanger • Layout og Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as - 6863 Leikanger